

# Innhald

<u>Kapittel</u>	<u>Side</u>
1. Innleiing om kultur	3
2. Om kulturplanen	4
3. Utviklingstrekk i kommunen	6
4. Mål for Giske kommune si satsing på kultur	7
5. Hovudsatsingar i planperioden 2016 – 2026	8
6. Handlingsplan 2016 – 2019	9
7. <u>Vedlegg</u>	22
1. Handlingar og tiltak – detaljert	
▪ Kulturlivet generelt inkl. frivillige, lag og organisasjonar	
▪ Kultur og oppvekst. Fritidstilbod for barn og unge	
▪ Kultur og opplæring	
▪ Kultur og helse. Folkehelse	
▪ Formidling: bibliotek, digitale medium m.m.	
▪ Kunst og kultur. Reiseliv og næring	
▪ Fysiske og materielle rammer	
▪ Friluftsliv og rekreasjon	
▪ Idrett og spelemidlar	
▪ Historisk og framtidsretta	
2. Overordna føringar på nasjonalt og regionalt nivå	
3. Status og utfordringar i Giske kommune	
4. Overordna føringar i Giske kommune	
5. Rapportar / empiriske undersøkingar	
6. Resultatvurdering av førre plan	
7. Vurdering av langsiktige og kortsiktige behov for anlegg og fysisk aktivitet	
8. Kulturplanen sin plass i høve andre kommunale planar (planhierarki)	
9. Planprosess inkl. rullering og seinare revidering av planen	
10. Museums- og kulturminneplan for Giske kommune	
11. Utviklingstrekk i kommunen	

## Kap. 1 Innleiing om kultur

Kultur har stor verdi i seg sjølv – for den som opplever kultur (aktør, publikum) – som underhaldning og refleksjon rundt eige liv – som fysisk aktivitet – som grunnlag for fysisk og psykisk velferd med mykje meir.

### Kunst og kultur er:

- verdi i seg sjølv
- ein føresetnad for trivsel i lokalsamfunnet
- meistringsaktivitet
- førebyggjande helsearbeid
- ivaretaking av viktige tradisjonar og kulturminne
- grunnlagsinvestering og konkurransefaktor
- ein viktig føresetnad for reiselivssatsing
- spesielt viktig ved lågkonjunktur
- ytring
- instrument for å nå andre mål (kultur som metode)
- god samfunnsøkonomi.

### Kunst og kultur gir:

- identitet og tilhøyre (samkjensle)
- stimulerer kreativ tenking
- personleg utvikling
- grunnlag for refleksjon og personleg vekst
- oppleving
- historisk forankring og forståing for det moderne samfunnet
- grunnlag for samfunnskritikk.



(Foto: Bent Erik Myrvoll)

## Kap. 2 Om kulturplanen

Kulturplan for Giske kommune skal vere eit strategisk verktøy for vidare utvikling av kulturlivet i kommunen der hovudtyngda ligg på det kommunale engasjementet. Planen har eit langt perspektiv, fram mot 2026. Den fortel om kva ønskemål kommunen har for utviklinga av kulturlivet i Giske. Kulturplanen skal også vere eit styringsverktøy for politikarane, kultureininga og kommuneadministrasjonen sitt arbeid. Planen inneheld difor både strategiske ønskemål for framtidig utvikling over tid og meir konkrete tiltak som kan gjennomførast innanfor tilgjengelege ressursar. Planen må sjåast i samanheng med gjeldande Museums- og kulturminneplan i Giske [www.kulturminne.co.no](http://www.kulturminne.co.no)

Planen er ein temaplan. Denne er ikkje bindande, berre retningsgivande. Det er difor ønskeleg at relativt konkret arealbruk for framtida blir vurdert / kjem inni kommunen sin arealdel og i kommunale reguleringsplanar. Kulturplanen kan bli endra i samsvar med ny arealplan for Giske kommune når den blir godkjent i løpet av 2016.

Kulturplanen har ein 4-årig handlingsplan. Denne er ikkje uttømmende, dvs at tiltak som ikkje er oppførte likevel kan bli gjennomført. Søknadar om spelemidlar skal prioriterast årleg, jf politisk sak i kommunestyret.

Når ”kartlegging og verdisetting av friluftsområder i Giske kommune” er ferdig, kan denne bli eit vedlegg til kulturplanen. Konklusjonar og vedtekne / tilrådde prioriteringar kan bli prioritert i kulturplanen sin handlingsdel etter kvart.

Gjennomføring av kommunale tiltak og utbetaling av kommunale tilskott føreset at midlar og ressursar er avsett i årlege budsjett. Dei bør også inngå i kommunen sin økonomiplan (langtidsbudsjett).

Kulturplanen har heimel i ulike lovverk, m.a. kommunelov, biblioteklov, kulturlov, kulturminnelov, opplæringslov, forureiningslov (bading, friluftsliv, tur m.m.). Den heng saman med ulike kommunale styringsdokument som samfunnsplan, kvalitetsplan for skular og barnehagar, omsorgsplan, rusmiddelplan, ulike reguleringsplanar som legg føringar for arealbruken til t.d. idrettsføremål og friluftsliv. Den må sjåast i samanheng med andre offentlege lover, forskrifter og styringsdokument.

Gjennomgåande perspektiv i samfunnsplanen er at vi skal:

- fremje god folkehelse
- legge til rette for universell utforming og tilgjenge for alle
- legge til rette for god oppvekst for barn og unge
- ha fokus på energisparing og reinare miljø
- ha låg risiko og sårbarheit (ROS).

Dette betyr at kommunen i ALLE planar og tiltak skal ta omsyn til dette og sørge for at dei ulike krava er oppfylte. Dette gjeld også verksemdsplanar, driftsplanar, og skal bli dokumentert gjennom rapportar og årsmelding.

Kultur er eitt av fire satsingsområde i samfunnsplanen. Hovudmålet for kulturpolitikken er at:

**«Giske kommune skal ha eit rikt, inkluderande og livskraftig kulturliv»**

**Giske skal vere ein god, variert og attraktiv kulturkommune, med tilbod til alle aldersgrupper og med fasilitetar som kan tilpassast dei enkelte aktivitetane. Då skal vi:**

- bidra til at ungdommen finn sin plass i kommunen ved at dei får ta del i å utvikle attraktive fritidstilbod
- legge til rette for ein berekraftig frivillig sektor som kan samspele med profesjonelle og kommunen
- legge til rette for "kulturklynger" der ulike kulturaktørar kan samhandle
- spele på lag med dei mange profesjonelle kulturaktørane som er etablerte i kommunen
- sikre og merke turstiar frå fjell til fjøre, samt ta vare på kulturminne og kulturmiljøa
- ha kultur som bidreg til at alle innbyggjarar får utvikle identitet til kommunen
- utvikle ein kultur der det er lov å vere god, og der m.a. talenta får vise seg fram
- utnytte ressursane gjennom ein felles koordinatorfunksjon for kultur



(Foto: Harald M. Valderhaug)

### Kap. 3 Utviklingstrekk i kommunen

Sommaren 2015 fekk vi innbyggjar #8.000 i Giske. Befolkningsauken er ikkje lenger så stor som dei seinaste åra, men det er framleis ei auke. For meir detaljar om dette og anna viser vi til planen sine vedlegg.

År / kjønn, tal	2015	2020	2025	2030	2040
Kvinner	3 898	4 262	4 616	4 959	5 573
Menn	4 008	4 429	4 797	5 147	5 809
<b>TOTALT</b>	<b>7 906</b>	<b>8 691</b>	<b>9 413</b>	<b>10 106</b>	<b>11 382</b>

År / kjønn, %	2015	2020	2025	2030	2040
<b>Kvinner</b>	<b>49,3 %</b>	<b>49,0 %</b>	<b>49,0 %</b>	<b>49,1 %</b>	<b>48,9 %</b>
<b>Menn</b>	<b>50,7 %</b>	<b>51,0 %</b>	<b>51,0 %</b>	<b>50,9 %</b>	<b>51,1 %</b>
TOTALT	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %

Frivillige lag og organisasjonar utgjer ryggrada i kulturlivet. Vi har diverre ingen samla oppdatert oversikt over dei mange lag og organisasjonane som er aktive i Giske kommune. Vi er likevel av den oppfatninga at antal aktive lag er redusert siste 10 – 15 åra. Med stadig større krav til rapportering og profesjonalisering av drifta i frivillige lag, og utfordring med å rekruttere leiarar, så er dette ei naturleg utvikling. Samstundes er svært mange framleis involverte i frivillig arbeid. Dette er fundamentet for det aller meste av kulturlivet i kommunen.

Kommunebarometeret for 2015 rangerer kultur i Giske som nr 384 av dei 428 kommunane i Noreg og nr 30 av 36 i Møre og Romsdal. Dette er omtrent som plasseringa i 2011, men betre enn i 2010, 2012 og 2013. Brutto kronebeløp pr innbyggjar som går til kulturføremål i Giske er kr 987,-. Gjennomsnittet for norske kommunar er kr 2.241,- (<http://www.aftenposten.no/kultur/Bykle-kommune-bruker-flest-kulturkroner-7606482.html>)



(Foto: Bent Erik Myrvoll)

## Kap. 4 Mål for Giske kommune si satsing på kultur

Føresetnad: Finansiering av kommunale tiltak og kommunale tilskott må innarbeidast i årlege budsjett. Dei bør også inngå i kommunen sin økonomiplan (langtidsbudsjett). Alle mål og tiltak føreset difor at det er avsett disponible midlar gjennom årsbudsjett.

### For å nå kommunen sine mål må ein bruke ulike strategiar.

- Universell utforming for alle brukargrupper der dette er muleg. T.d. under arrangement og ved nybygging.
- MOT til å leve. MOT til å bry seg. MOT til å seie nei (eit nei er eit ja til noko ein heller vil).
  - Opne, tolerante og storsinna innbyggjarar.
- Yte for å nyte. Definere private og kommunale tenester, frivilligheit og eige ansvar.
- Tenkje Giske kommune som eitt lokalsamfunn med forskjellige tilbod på øyane («komplementære samfunn»). Felles møteplassar og felles kulturarrangement.
- Pro-aktiv haldning når ein ønskjer utvikling i bestemt retning og innanfor bestemte områder, t.d. når private initiativ åleine ikkje er nok.
  - Involvere ulike råd innan friluft, idrett, museum og kulturminne, musikk og ungdom.
  - Prioritere oppgåver.
- Sikre ressursar og verkemiddel, statlege tilskottsordningar og eksterne midlar.
  - Giske kommune kan gi tilskott, tips til praktisk arbeid og tips om aktuelle finansieringsinstitusjonar.
- Samarbeide på tvers:
  - tverrfagleg
  - med kulturliv (lag, org. og enkeltpersonar), innbyggjarar, "innvandrorganisasjonar", profesjonelle og amatørar, næringsliv.
  - regionalt og interkommunalt.
  - unngå unødige reglar og krav i dokumentering og rapportering.
- Giske kommune skal engasjere seg gjennom:
  - Folkebiblioteket
  - Frivilligsentralen
  - Kulturskulen
  - MOT & UKM
  - Allmenn kultur / kulturadministrasjon
  - Friluftsrådet for Ålesund og omland
  - Stiftinga Sunnmøre Museum og Godøy kystmuseum
- God lokal infrastruktur og gode lokale tilbod etter ei ev. kommunesamanslåing.

## Kap. 5 Hovudsatsingar i planperioden 2016 – 2026

- Alle aktørar oppmodast til å tenke utforming av lokale og aktivitetar for alle brukargrupper ved arrangement og anna.
- Giske folkebibliotek med nye moderne lokale, gjerne samlokalisert med svømmehall, kafé og scene.
- «Kulturdagar i Giske»: felles aktivitetar og møteplassar på tvers av øyane.
- «Kulturforum Giske»: årleg møteplass for kulturlivet i Giske der ein skal drøfte og finne løysingar på ulike utfordringar ein står overfor.
- Tettare samarbeid mellom kultur / oppvekst og lokalsamfunn / omsorg for m.a. å styrke relasjonar mellom generasjonane. (INNSPEL KOK 11.12.15)
- Blimssanden, Gjerdessanden, Hustruhamna og Sandvika (Alnes) skal sikrast for vidare offentleg bruk, ref samfunnsplan og arealplan.
- Søkje Direktoratet for naturforvaltning om støtte til sikring av fellesområde i kommunen. Dette kan utløyse midlar til opparbeiding av parkeringsplassar, drift og forvaltning av områda (avfall, renovasjon, wc).
  - Kartlegging og verdisetting av friluftsområde dannar grunnlag for vidare arbeid med sikring (ervert / bruk) og tilrettelegging av turområde.
  - Utvikle «Demmaområdet» som samlingsstad og med tilkomst til Valderøyfjellet.
- Dobling av kulturmidlane til det frivillige kulturlivet.
- Innhente erfaringar frå andre kommunar om korleis arbeide for å integrere nye landsmenn og –kvinner inn i lokalsamfunna.
- Stilling som ungdomsarbeidar i fritidssektoren og kontaktperson for Giske ungdomsråd.
- 30 % av alle skuleelevane i Giske kommune skal ha tilbod om plass i kulturskulen. Pr 2015 er andelen 23 %.
- 0,5 % av entreprisekostnad ved nybygging og renovering av kommunale / offentlege bygg og uterom skal bli øyremerka kunstnarisk utsmykking.
- Tilby kunstnarar felles atelier og utstillingslokale for nettverksbygging og samhandling.

## Kap. 6 4-årig handlingsplan

### Føresetnader:

- Kulturplanen er ein temaplan som ikkje er bindande, berre retningsgivande. Det er difor eit sterkt ønske at relativt konkret framtidig arealbruk blir vurdert / kjem inn i kommunen sin arealdel og / eller reguleringsplanar.
- Alle aktørane som har interesse av å bidra til bruk av gode og tenlege areal til friluftsliv, idrett, museum og kulturminne i framtida, må arbeide for at framtidig arealbruk blir vurdert / kjem inn i kommunal arealdel og i reguleringsplanar.
- Finansiering av kommunale tiltak og kommunale tilskott må innarbeidast i årlege budsjett. Dei bør også inngå i kommunen sin økonomiplan (langtidsbudsjett). Alle mål og tiltak føreset at ein får allokert (skaffa) ressursar som:
  - finansar (kroner, gåver, sponing, rabattar)
  - personell (løna og frivillige)
  - utstyr og infrastruktur.

### Gjennomgåande perspektiv:

- Folkehelse
- Leggje til rette for universell utforming og tilgjenge for alle der dette er muleg. Reell bruk slik at det er råd å bruke: tilgjengeleg areal, lett å kome seg til og frå m.m.
- Leggje til rette for god oppvekst for barn og unge
- Ha fokus på energisparing og reinare miljø
- Ha låg risiko og sårbarheit (ROS).

### Forklaringar:

- Kven: når det ikkje er klart kven som har formelt ansvar eller der det er fleire kommunale einingar som har ansvar, er det oppført Giske kommune.
- Tenesteområde viser til kva del av kommunen sitt budsjett ev midlar skal takast av. Fleire betyr at fleire einingar er involverte.  
  
Vi presiserer at det er ikkje avsett midlar før det er vedtatt i årleg budsjett eller etter vedtak.
- År: når tiltak gjeld for alle fire åra i handlingsplanen eller fleire ikkje-konkretiserte år, har ein sett opp alle. Dette betyr alle åra i handlingsprogrammet.



## 1) Kulturlivet generelt inkl. frivillige, lag og organisasjonar



(Giske blandakor, foto Frode E. Synnes)



(Frivillige i arbeid, foto Ernst J. Valderhaug)

Pri.	Kven	Kva	Tenesteområde	År
1	Kultur	7.1.1 Prinsipp / reglar fordeling kommunale kulturmidlar	Kulturadm 3850	2016
2	Kommunen	7.1.1 Abonnere på "Tilskuddsportalen"	Anna kultur 3851	Alle
3	Kommunen	7.1.1 Gratis trening barn / unge under 18 år	Fleire einingar	Alle
4	Lag/org.	7.1.1 Kulturmidlar, anna inkl. 17. mai	Anna kultur 3851	Alle
5	Lag/org.	7.1.1 Kulturmidlar, sang og musikk	Formidling 3770	Alle
6	Kultur	7.1.1 Kulturrelatert info på heimeside, Facebook etc.	Fleire	Alle
7	Kommunen	7.1.2 Drøftingar ulike råd og politisk komité kultursaker	Fleire	Alle
8	Kultur	7.1.2 Kulturforum Giske	Kulturadm 3850	Alle
9	Frivilligsentral	7.1.3 Den kulturelle spaserstokken	Frivillig 2342	Alle
10	Frivilligsentral	7.1.3 Rekruttere fleire frivillige	Frivillig 2342	Alle
11	Saksbehandlarar	7.1.4 Framlegg ha tydelege signal for vidare arbeid	Fleire	Alle
12	Alle	7.1.5 Alle skal bidra til å løyse ting vi kritiserer, rose og heie på folk	Fleire	Alle
13	MOT	7.1.5 MOT-programmet i grunnskulen	MOT 2321	Alle
14	Kultur	7.1.6 Deltaking regionale samarbeidsfora	Fleire	Alle
15	Kommunen	7.1.7 Informasjon på heimeside m.m. om moglegheiter i Giske	Fleire	Alle
16	Kommunen	7.1.8 Etablere møteplassar for alle innbyggjarane i Giske	Fleire	Alle
17	Kommunen	7.1.8 Innhente erfaringar frå andre kommunar	Fleire	Alle

## 2) Kultur og oppvekst. Fritidstilbud for barn og unge



(Foto MOT i Giske, Ann Christin Kalvø Giske / Britt Elin Roald Farstad)

*Vi driv ikkje med ungdomsarbeid berre for å skape gode opplevingar og aktivitetar, men også for å bygge ungdommar slik at dei får ressursar og kompetanse til å bli gode samfunnsaktørar seinare i livet.*

*Artikkel 12 i FNs barnekonvensjon slår fast at alle barn «har rett til å seie meininga si i alt som kjem det ved, og barnet sine meiningar skal det leggjast vekt på.» Barn i denne samanheng er personar under 18 år.*

Pri.	Kven	Kva	Tenesteområde	År
1	Giske ungdomsråd	7.2.1 Ung Data-undersøking ifm revidering rusplan	Barn og unge 2310	2016?
2	Ungdom	7.2.1 Arrangerer sjølv	Barn/unge 2310	Alle
3	Giske ungdomsråd	7.2.1 Gjennomfører aktivitetar sjølv	Barn og unge 2310	Alle
4	Kultureininga	7.2.1 Info om tiltak og tilgjengelege øvingslokale	Barn og unge 2310	Alle
5	Giske ungdomsråd	7.2.1 Midlar til eigen disposisjon	Barn og unge 2310	Alle
6	Giske ungdomsråd	7.2.1 Samarbeid med Momentum / Øygaardshamna	Barn og unge 2310	Alle
7	Giske ungdomsråd	7.2.1 Sommarjobbsentral for ungdom	Barn og unge 2310	Alle
8	Lag og org. + Kultureininga	7.2.1 Trekkje ungdom med	Barn og unge 2310	Alle
9	Kultureininga	7.2.1 UKM	Barn og unge 2310	Alle
10	Kultureininga	7.2.1 Ungdomsarbeidar / mentor for ungdom	Barn og unge 2310	Alle
11	Kultureininga	7.2.1 Workshop	Barn/unge 2310	Alle
12	Giske kommune	7.2.2 Ungdomsarbeidar / mentor for ungdomsrådet	Barn og unge 2310	Alle
13	Saksbehandlarar	7.2.2 Ungdomsrådet høyringsinstans i saker som berører ungdom	Barn og unge 2310	Alle
14	MOT i Giske	7.2.3 MOT-programmet i u'skulen m/ UMM, signalberer m.m.	MOT 2321	Alle

### 3) Kultur og opplæring (kulturskule, skule, barnehage, SFO)



(Elevkonsert Giske kulturskule, foto Harald M. Valderhaug)

Pri.	Kven	Kva	Tenesteområde	År
1	Giske kulturskule	7.3.1 Ny rammeplan	Kulturskulen 3830	2016
2	Giske kulturskule	7.3.1 Nye fagplanar	Kulturskulen 3830	2016 - 2017
3	Giske kulturskule	7.3.1 Deltaking UKM	Kulturskulen 3830	Alle
4	Giske kulturskule	7.3.1 Elevbetaling	Kulturskulen 3830	Alle
5	Giske kulturskule	7.3.1 Fellesprosjekt	Kulturskulen 3830	Alle
6	Giske kulturskule	7.3.1 Framsyningar	Kulturskulen 3830	Alle
7	Giske kulturskule	7.3.1 Vurdere større grupper	Kulturskulen 3830	Alle
8	Giske kulturskule	7.3.2 Den kulturelle spaserstokken	Kulturskulen 3830	Alle
9	Giske kulturskule	7.3.2 Sal av tenester	Kulturskulen 3830	Alle
10	Giske kulturskule	7.3.3 Elevar framfører på skular	Kulturskulen 3830	Alle
11	Giske kulturskule	7.3.3 Frilyndt / ikkje-religiøst ungdomskor	Kulturskulen 3830	Alle
12	Biblioteket	7.3.3 Fagleg samarbeid	Biblioteket 3700	Alle
13	Kultureininga / Godøy kystmuseum	7.3.3 Samarbeid med skular m.m.	Museum 3750	Alle
14	Barnehagar, skular og SFO	7.3.3 Spelemidlar til uteområde	Fleire	Alle
15	Skulane	7.3.3 Stimulere til deltaking UKM	Fleire	Alle

#### 4) Kultur og helse. Folkehelse



(Foto Harald M. Valderhaug)

Pri.	Kven	Kva	Tenesteområde	År
1	Giske kommune	7.4.1 Folkehelse i alle planar	Fleire	Alle
2	Giske kommune	7.4.1 Følgjekort	Sosial	Alle
3	Biblioteket / institusjonar	7.4.2 "Leseombod"	Fleire	Alle
4	Frivilligsentralen	7.4.2 Den kulturelle spaserstokken	Frivilligsentral 2342	Alle
5	Fleire	7.4.2 Eldre ressurs for eldre	Fleire	Alle
6	Fleire	7.4.2 Kulturelle aktivitetar	Fleire	Alle
7	Fleire	7.4.2 Seniortrening og seniortrim	Fleire	Alle
8	Institusjonar og bueiningar	7.4.2 Seniortrim og turar i nærområdet	Fleire	Alle
9	Eldre	7.4.3 Eldre som "gjestelærarar"	Fleire	Alle
10	Barnehagar og skular	7.4.3 Samarbeid med institusjonar og bueiningar	Fleire	Alle
11	Institusjonar og bueiningar	7.8.3 Turstiar og gangvegar ved bygga	Fleire	Alle
12	Fleire	7.4.2 Skrivekurs for eldre	Fleire	2017 - 2019



## 5) Formidling: bibliotek, digitale medie, litterarock m.m.



(Roald Kaldestad, foto Frode E. Synnes)

Pri.	Kven	Kva	Tenesteområde	År
1	Kulturkontoret	7.5.4 Digital plan for museum og kulturminne	Kulturvern 3650	Alle
2	Giske kommune	7.5.2 Giske X – m.a. nytt biblioteklokale	Bibliotek 3700	Alle
3	Biblioteket og barnehagane	7.5.3 "Bokkasser" i alle barnehagar	Fleire	Alle
4	Biblioteket og kulturskulen	7.5.3 Bøker, tidsskrift m.m. tilgjengeleg på kulturskulen	Bibliotek 3700	Alle
5	Biblioteket og institusjonar	7.5.1 "Leseombod"	Fleire	Alle
6	Biblioteket	7.5.3 Sommarles-konkurransar	Bibliotek 3700	Alle
7	Biblioteket	7.5.3 Litteraturformidlar for ungdom	Bibliotek 3700	Alle
8	Biblioteket	7.5.2 Kulturarrangement (spaserstokken)	Fleire	Alle
9	Biblioteket	7.5.2 Drøftingar og debattar	Bibliotek 3700	Alle
10	Biblioteket	7.5.1 Fagleg utvikling	Bibliotek 3700	Alle
11	Biblioteket	7.5.1 Digitale tenester	Bibliotek 3700	Alle
12	Kulturkontoret	7.5.4 Digitalt søknadssjema kulturmidlar	Kulturadm 3850	2017
13	Giske kommune	7.5.1 Utvide opningstidene	Fleire	2017

## 6) Kunst og kultur. Reiseliv og næring



(Sommerfesten, foto Momentium)



(Mor og datter, foto Mateo R. Christensen)

Pri.	Kven	Kva	Tenesteområde	År
1	Kultureininga	7.6.3 Dokumentere kunst i offentlege rom i Giske	Anna kultur 3851	2016
2	Giske kommune	7.6.2 Tørestasjon for bobilar	Fleire	2017
3	Giske kommune	7.6.2 Friluftshus for m.a. fuglekiking	Fleire	2018
4	Giske kommune	7.6.1 Atelier og utstillingslokale kunstnarar	Fleire	Alle
5	Næring og utvikling	7.6.1 Kontakt med HoppID, Innovasjon Norge m.fl.	Næring	Alle
6	Giske kommune	7.6.1 Offentleg utsmykking kommunale bygg	Fleire	Alle
7	Giske kommune	7.6.1 Profilering gjennom kreative næringar	Fleire	Alle
8	Kulturkontoret	7.6.1 Tilskott til "Sommerfesten på Giske"	Formidling 3770	Alle
9	Giske kommune	7.6.2 Alnes fyr inkl. besøkssenter og kulturbygg	Fleire	Alle
10	Næring og utvikling	7.6.2 Destinasjon Ålesund & Sunnmøre: medlemsskap	Næring	Alle
11	Næring og utvikling	7.6.2 Giske reiselivsforum: medlemsskap og tilskott	Næring	Alle
12	Kulturkontoret	7.6.2 Giskespelet: kommunalt tilskott	Anna kultur 3851	Alle

## 7) Fysiske og materielle rammer



(Foto: Bent Erik Myrvoll)

*Kulturplanen er ein temaplan som ikkje er bindande, berre retningsgivande. Framtidig arealbruk må vurderast inn i kommunen sin arealdel og / eller reguleringsplanar.*

*Estetikk og miljø handlar om kvardagen vår, respekt for folket som bur her, sjølvkjensla, tilhøyret til kommunen og heimstaden, og ikkje minst (byggje) identiteten vår.*

Pri.	Kven	Kva	Tenesteområde	År
1	Giske kommune	7.7.1 Norm for leikeareal og friområde.	Fleire	2016
2	Giske kommune	7.7.1 Trygg forvaltning av eksisterande leikeplassar	Fleire	2016
3	Kultureininga	7.7.3 Stadnamnkonsulent, 40 % engasjement	Kulturadm 3850	2016
4	Giske kommune	7.7.1 Ivareta kulturminne og kulturmiljø	Fleire	Alle
5	Giske kommune	7.7.1 Retningslinjer for estetikk og miljø	Fleire	Alle
6	Giske kommune	7.7.1 Transportreiser til fots eller sykkel	Fleire	Alle
7	Giske kommune	7.7.2 Nytt biblioteklokale tilpassa framtidig innhald	Biblioteket 3700	2019
8	Giske kommune	7.7.2 Kombinasjonsbygg for lokalt kulturliv på Valderøya.	Fleire	2019

## 8) Friluftsliv og rekreasjon



(Molnesfjellet. Foto Bjarne Friis Friisvold)

*Eit nærmiljø som legg til rette for sosiale møteplassar som stimulerer kvardagsleg kontakt, kan påvirke psykisk helse positivt. Døme viser at rask befolkningsauke og fortetting fører til ein reduksjon av rekreasjonsareal og nærturterreng. Rom for bevegelse bør vere prioritert i nærmiljøutvikling.*

Pri.	Kven	Kva	Tenesteområde	År
1	Kultureininga	7.8 Gjerdesanden: permanent parkeringsløyising	Friluftsliv 3620	2016
2	Kultureininga	7.8 Sak tilkomst, parkering, avfall, wc m.m. v/ bade plassar og utfartsområde	Friluftsliv 3620	2016
3	Kultur / Giske kommune	7.8 Friluftsføremål sikrast gjennom arealplan	Fleire	2016
4	Giske kommune	7.8 Vurdere vidare friluftstiltak etter kartlegging	Friluftsliv 3620	2016
5	Giske kommune	7.8 Trasé frå Vindsneset og opp på Godøyfjellet: parkering, skilting m.m.	Fleire	2017
6	Giske kommune	7.8 Universelt utforma bade plass i Giske kommune (Gjerdesanden?)	Friluftsliv 3620	2019
7	Kultureininga	7.8.Statleg sikring av viktige friluftsområde	Friluftsliv 3620	Alle
8	Giske kommune	7.8 Friluftsinformasjon på nettet	Fleire	Alle
9	Kultureininga	7.8 Friluftsrådet for Ålesund og omland: medlemsskap og samarbeid	Friluftsliv 3620	Alle
10	Kultureininga	7.8 Informasjon og midlar	Friluftsliv 3620	Alle
11	Giske kommune	7.8 Informasjonsskilt rundt om i kommunen	Fleire	Alle
12	Giske kommune	7.8 Sikre mangfald av friluftstiltak: tur, båt, sykkel, rørslehemma	Fleire	Alle
13	Giske kommune	7.8 StikkUT!	Fleire	Alle
14	Giske kommune og Fylkesmannen	7.8 Verneområda: informasjon, tilrettelegging for opphald m.m.	Fleire	Alle



## 9) Idrett og spelemidlar



(Giske motorsportsklubb og båtaktivitet, foto Ernst J. Valderhaug)

I og med at kulturplanen gjeld for 10 år, må det i løpet av planperioden bli gjennomført nye behovsanalyser. Desse skal takast inn som del av planen ved seinare rulleringar. Det same gjeld for så vidt den årlege prioritering av søknadar om spelemidlar, men desse blir ikkje tatt inn i planen kvart år. Prioriteringa blir tilgjengeleg via politikarportalen i kommunen si nettside. Prioritert handlingsprogram inkl. forventa kostnadar til drift og vedlikehald, blir del av saka om prioritering av spelemiddelsøkandar, ref krav frå Kulturdepartementet.

### **Behov for anlegg og område for idrett**

Prinsipp: behovsanalyse skal liggje til grunn for alle utbyggingar.

### **Mål:**

Giske kommune vil:

- legge til rette for ei aktiv og allsidig anleggsutvikling i både kommunal og privat regi.
- ha aktiv styring av utbygging av anlegg og område for idrett og friluftsliv.

### **Tiltak:**

- Behovsanalyse skal liggje til grunn for alle utbyggingar.
- I størst muleg grad samlokalisere anlegg og område for organisert og eigenorganisert aktivitet
- Alle anlegg som skal realiserast gjennom kommunalt tilskott bør prioriterast gjennom innarbeiding i økonomiplan og årsbudsjett.
- Spelemiddelsøknadar skal prioriterast årleg, sjå under.

Pri.	Kven	Kva	Tenesteområde	År
1	Alle	Behovsanalyse skal ligge til grunn for alle utbyggingar	Idrett 3810	Alle
2	Alle	Samlokalisere anlegg og område for organisert og eigenorganisert aktivitet	Idrett 3810	Alle
3	Giske kommune	Anlegg med kommunalt tilskott bør prioriterast gjennom budsjett og økonomiplan	Idrett 3810	Alle
4	Giske kommune	Spelemidlar: årleg prioritering	Idrett 3810	Alle

5	Lag og organisasjonar Norges idrettsforbund	4.9 Kulturmidlar, idrett	Idrett 3810	Alle
---	--	--------------------------	-------------	------

## 9.1) SPELEMIDLAR – prioritering av søknadar

For å kunne søkje spelemidlar til realisering av idrettsanlegg og anlegg og område for friluftsliv og fysisk aktivitet, er det ønskeleg at desse er omtalt i kulturplanen sin langsiktige del. Nye anlegg og område kan rullerast inn i den langsiktige delen gjennom ei ordinær høyringsrunde. For å kunne søkje spelemidlar må tiltaket vere prioritert av Giske kommunestyre i sak om prioritering av årets søknadar om spelemidlar, jf årleg sak til kommunestyret før jul. Dette føreset at søknad om spelemidlar er sendt til kommunen. Ved kommunestyret si prioritering av årets søknadar om spelemidlar, bør idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning vere gjort og gyldig finansiering kome på plass. Om ikkje dette er på plass då, bør det vere sannsynleg at dette kan skje før 15.01. som er kommunen sin siste frist for overføring av søknadane til fylkeskulturavdelinga.

**Frist for søknad om spelemidlar er i Giske kommune årleg sett til 15. oktober.** Dette inkluderer søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning. For meir informasjon om desse ordningane viser ein til kommune sine nettsider og [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no) der de finn informasjon om krav, mulegheiter, rettar og plikter.

Kulturplanen gjeld for perioden 2016 – 2026. Søknadar om spelemiddel skal prioriterast ein gong i året årleg, ref sak i kommunestyret før nyttår. Den til ei kvar tid sist vedtekne prioritering er gyldig. Giske idrettsråd kjem med uttale til prioritering av søknadane.

Giske kommunestyre har i møte 19.11.15 vedtatt slik prioritering av søknadar om spelemidlar i 2016:

### Nærmiljøanlegg

Prio.	Anlegg, stad	Utbygger	Utgifter	Spelemidlar
1	Giske kommune, Nærmiljøanlegg Vest ved Valderøy nye barneskule: ballbinge	Giske kommune	725.000	300.000
2	Giske kommune, Nærmiljøanlegg Vest ved Valderøy nye barneskule: høg klatreskog	Giske kommune	1.570.000	300.000
3	Giske kommune, Nærmiljøanlegg Vest ved Valderøy nye barneskule: volleyballbane	Giske kommune	717.000	300.000
4	Giske kommune, Nærmiljøanlegg Vest	Giske	820.000	300.000

	ved Valderøy nye barneskule: «Wolverhampton»	kommune		
5	Giske kommune, Alnes skule: parkour	Giske kommune	724.000	300.000
6	Giske kommune, Godøy ungdomsskule: skateanlegg	Giske kommune	745.000	300.000
7	Vigra IL / grunneigarar, turstiar	Vigra IL	160.000	80.000
8	Giske kommune, Alnes skule: buldreanlegg	Giske kommune	600.000	300.000
9	Giske kommune, Godøy ungdomsskule: parkour	Giske kommune	745.000	300.000
10	Giske kommune, Alnes skule: skateanlegg	Giske kommune	600.000	300.000
11	Giske kommune, Godøy skule: buldreanlegg	Giske kommune	600.000	300.000

### Ordinære anlegg

Prio.	Anlegg, stad	Utbygger	Utgifter	Spelemidlar
1	Fleirbruks- og fotballhall ved Vigra skule	Giske kommune	34.000.000	9.900.000
2	Kunstgrasbane, Godøy stadion	Godøy IL	7.832.000	2.500.000
3	Giske kommune, idrettshall og buldrevegg ved Valderøy (nye) barneskule	Giske kommune	29.738.000	5.500.000
4	Giske kommune, utandørs .handballbane ved Valderøy (nye) barneskule	Giske kommune	1.515.000	505.000
5	Godøy IL, tursti frå Alnestunnelen til Juv, 3 og siste byggesteg	Godøy IL	1.095.000	547.000
6	Vigra IL, kunstgrasbane	Vigra IL	7.626.000	2.500.000
7	Giske IL, lager ved kunstgrasbana ved Giske skule	Giske IL	396.000	132.000

Søknadar som ikkje er i godkjent stand ved innsending av søknad, blir sett uprioritert. Rådmannen får mynde til å gjere ev slike endringar før oversending av søknadane til fylkeskommunen.

## 10) Museum og kulturminne



(Foto: f.v. gravrøys nær Strandklauva, Godøya, og åbord, Valderøya. [www.kulturminne.co.no](http://www.kulturminne.co.no))

Giske kommune sitt slagord er «historisk og framtidsretta». Tanken bak er at ein kan lære og utvikle seg på grunnlag av tidlegare erfaringar. Kultur har ansvar for at ein er bevisst om alle dei kulturminna og anna som kommunen skal og vel å ta vare på. Kultur har eigen museums- og kulturminneplan som gir meir detaljert informasjon om kva dette inneber. Kommunen har vald å formidle dette gjennom eiga nettside [www.kulturminne.co.no](http://www.kulturminne.co.no)

Det er viktig at vi får definert kva kulturminner og kva kulturminnemiljø ein skal og bør ta vare på.

Pri.	Kven	Kva	Tenesteområde	År
1	Kulturkonsulent	7.1.10 Utarbeide 4-årig handlingsplan for museums- og kulturminnearbeidet der ein m.a. ser på korleis bruke kulturminne som identitetsskapar inn mot skular.	Kulturminne 3650	2016
2	Kulturkonsulent	Tildeling av årlege tilskott til skjøtsel, restaurering og vedlikehald av kulturminne og kulturmiljø	Kulturminne 3650	Alle
3	Kulturkonsulent	7.1.10 Ta vare på viktige kommunale eigedomar med kulturell og -historisk interesse	Kulturminne 3650	Alle

Ved å søkje etter «kulturplan vedlegg» i søkjefeltet på [www.giske.kommune.no](http://www.giske.kommune.no) finn de meir detaljar om:

- **Langsiktige behov for kulturlivet**
- **Status og utfordringar i Giske Kommune rapportar / empiriske undersøkingar**
- **Overordna føringar frå Giske kommune, nasjonalt og regionalt nivå**
- **Resultatvurdering av førre plan**
- **Kulturplanen sin plass i høve andre kommunale planar (planhierarki)**
- **Planprosess inkl. rullering og seinare revidering av planen**
- **Utviklingstrekk i Giske kommune, inkl. tal om kultur frå Kommunebarmometeret 2015, Kommunal rapport.**